



## **Årsmøte i Odda Mållag søndag 18.02.2024 kl 18.00 i Ungdomshallen**

Det var i alt 12 frammøtte - alle med røysterett.

Tidspunkt for møtet vart kunngjort på e-post til medlemmene 21. januar, på Facebook den 23. januar og i Hardanger Folkeblad den 19. januar.

Innkalling med sakliste og årsmelding frå styret vart sendt ut til medlemmer elektronisk eller på papir.

Leiar i laget Sigrid E. Lerbak ønska velkomen til møtet.

### **Sakliste**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar
3. Val av skrivar og to protokollunderskrivarar
4. Godkjenning av årsmeldinga for 2023  
Jf. vedlegg.
5. Godkjenning av rekneskapen for 2023  
Rekneskapen vert lagd fram i møtet  
Informasjon om rekneskapen for 2022 godkjent på styremøte 12. juni 2023
6. Årsplan
7. Målprisen 2023
8. Val av styre
9. Val av valnemnd  
Styret kjem med framlegg
10. Val av revisor
11. Val av utsendingar til årsmøtet i Hordaland Mållag på Lofthus 2.-3. mars
12. Val av utsendingar til Landsmøtet i Trondheim 19.-21. april

#### **Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste og møtet er lovleg sett.

#### **Sak 2. Val av ordstyrar**

Terje Kollbotn vart samrøystes valt til ordstyrar i møtet.

#### **Sak 3. Val av skrivar og to protokollunderskrivarar**

Sigrid E. Lerbak var samrøystes valt til skrivar for møtet.

Siri Jordal og Toralv Mikkelsen vart samrøystes valde til protokollunderskrivarar.

#### **Sak 4. Godkjenning av årsmeldinga for 2023**

Årsmeldinga vart lesen opp kapittel for kapittel, det vart opna for kommentarar etter kvart kapittel.

Årsmøtet godkjente styret sitt framlegg til årsmelding samrøystes og utan merknader.



### **Sak 5. Godkjenning av rekneskapen for 2023**

Ragnhild Helle la fram revisjonsmelding for 2023 med nøkkeltal. Laget hadde eit overskot på kr 50182,17.

Ei meir detaljert framstilling vart etterlyst. Revisjonsmelding, resultatrapport og balanserapport vart delt ut og årsmøtet fekk 5 minutt til gjennomlesing.

Årsmøtet godkjente rekneskapen samrøystes.

### **Sak 6. Årsplan for 2024**

Sigrd E. Lerbak gjorde greie for planlagte aktivitetar i 2024 slik det ligg føre så langt.

- Elias Blix tilskipping med Odda sokneråd
- Songkveld i Skare
- Klassekviss for ungdomsskulane
- 12. mai er nynorskdagen
- Røldalmarknaden
- Odda i manns minne  
Skriftstyret har ikkje hatt møte, men det er kome inn materiale.
- Kulturkveld

Etter ein tenkepause med kaffi og kaker kom følgjande innspel frå årsmøtet:

- Nynorsk i skuleverket frå barnehage til vidaregåande skule
- Nynorsk i næringslivet

Møteleiar oppsummerte:

Alle forslaga vert teke med i protokollen og oversendt styret.

### **Sak 7. Målprisen 2023**

Sigrd E. Lerbak las opp styret si innstilling med grunngjeving om målprisen til Tale Hauso.

Ingen andre kandidatar vart føreslegne.

Årsmøtet vedtok samrøystes:

Tale Hauso vert tildelt målprisen for 2023 med opplesen grunngjeving. Tildelinga er offentlig og målprisen vert overrekt på eit offentlig arrangement i 2024 i regi av Odda Mållag.

### **Sak 8. Val av styre**

Valnemnda har vore Tommy Tverdal, Siri Jordal og Stine K. Haugland. Siri opplyste om at dei ikkje hadde klart å koma i kontakt med Stine. Siri la fram følgjande innstilling frå valnemnda:

Leiar Sigrd Espeland Lerbak - attval for 1 år

Harry Solberg - attval for 2 år

Solveig Grønlien - attval for 2 år

Varamedlemer

1. Knut O. Dale attval for 1 år
2. Håkon Widding attval for 1 år
3. Kristin Walle ny for 1 år

Harald Jordal - ikkje på val

Ragnhild Helle - ikkje på val

Framlegget frå valnemnda vart samrøystes vedtatt.



### **Sak 9. Val av valnemnd**

Tommy Tverdal går ut av valnemnda etter tre år.

Styret fremja slik valnemnd:

1. Siri Jordal - 1 år att
2. Stine Kvam Haugland - 2 år att
3. Øystein Kambestad - ny for 3 år

Årsmøtet vedtok samrøystes den framsette valnemnda..

### **Sak 10. Val av revisor**

Dagmar Lien Isdal vart samrøystes attvalt.

### **Sak 11. Val av utsendingar til årsmøtet i Hordaland Mållag på Lofthus 2.-3. mars**

Laget har etter medlemstalet rett til fire utsendingar til fylkesårsmøtet.

Årsmøtet vedtok følgjande:

Utsendingar: Sigrid E. Lerbak, Knut O Dale og Ragnhild Helle.

Styret kan føreta suppleringsval.

### **Sak 12. Val av utsendingar til Landsmøtet i Trondheim 19.-21. april**

Laget har etter medlemstalet rett til tre utsendingar til Landsmøtet.

Årsmøtet vedtok følgjande:

Utsendingar: Sigrid E. Lerbak, Knut O Dale og Harald Jordal.

Styret kan føreta suppleringsval.

Terje Kollbotn takka av som møteleiar.

Sigrid E. Lerbak takka Terje Kollbotn for stø og sikker møteleiing. Ho takka for tilliten ved leiarvalet og ynskte vel heim.

Rett protokoll vert stadfesta:

Siri Jordal

Toralv Mikkelsen

Sigrid E. Lerbak  
Møteskrivar